



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
34/2022	Formannskapet	09.06.2022
	Kommunestyret	

## Varsel om planoppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av forslag til planprogram - Kommunedelplan for klima- og energiplan for Vågå kommune 2023-2031

### Saksframlegg:

Kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide ein klima- og energiplan i tråd med Statleg planretningsline (SPR). Målet med klima- og energiplanlegging er å kartlegge nå-situasjonen og gjennomføre tiltak som gir resultat i form av reduserte klimagassutslepp i kommunane. Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen godkjende i 2008 ein regional plan for klima- og energi. Vågå kommune følgde opp den regionale planen ved å utarbeide eigne klima- og energiplanar i 2011. Dette var første generasjons klima- og energiplan og på enkelte område var det difor fleire spørsmål enn svar. Det har no gått ein del år sidan klima- og energiplanen vart vedteke og Vågå kommune har i kommunale planstrategiar for 2020-2024 sett opp at planen skal reviderast i løpet av planperioden. Det har vore vurdert å få til eit samarbeid med dei andre kommunane i regionen, men ein har ikkje lyktast med det.

### Vurdering:

Det har gått over eit tiår sidan kommunen starta planarbeidet med gjeldande kommunedelplan. I løpet av denne tida har kunnskapsgrunnlaget blitt oppdatert og meir omfattande. Regional plan for klima og energi for Oppland 2013-2024 er gjeldande klima- og energiplan på fylkesnivå, og også denne er nokre år gamal. Innlandsstrategien 2020-2024 fastsett at det skal arbeidast med ein ny regional plan for klima, energi og miljø for Innlandet. Arbeidet med planprogrammet starta i januar 2021 og ny plan for klima, energi og miljø skal vedtakast i årsskiftet 2022/2023. Det har også kome nye føringar, strategiar og mål for klima- og energiplanlegging på internasjonalt, nasjonalt og regionalt nivå.

Formålet med klima- og energiplanen er å fastsette mål for Vågå kommune sitt klimaarbeid. Planen vil omhandle kommunen sitt arbeid for å redusere klimapåverknaden. Dei konkrete tiltak som ein kjem fram til skal fastsettast i klima- og energiplanen. Intensjonen er at det årleg skal utarbeidast ein

eigen tiltaksdel som blir innarbeidd i kommunen sin økonomiplan. Kommunen vil også utarbeide klimaregnskap for eigen verksemd.

Det er vald ut fem hovudtema for revisjonsarbeidet, jf. liste under. Dei to fyrste punkta tek utgangspunkt i kommunen sin eigen organisasjon og drift. Dei andre punkta er meir retta mot haldningsskapande arbeid og langsiktig planarbeid. Føreslegne hovudtema ved revisjon av kommunedelplan for klima- og energi er:

1. Energiforsyning og energibruk i kommunale bygg
2. Kommunale innkjøp, forbruk og avfall
3. Haldningsskapande arbeid og innbyggjarinvolvering
4. Stadutvikling, arealbruk og transport
5. Klimasmart jordbruk og skogbruk

I vedlagt forslag til planprogram er det gjort greie for formålet med planarbeidet, hovudtema ved revisjon, ansvar og organisering av planprosessen, medverknad og framdriftsplan. Etter avslutta offentleg ettersyn vil forslag til planprogram med eventuelle justeringar som følgje av innspel i høyringa bli lagt fram for politisk behandling og vedtak om fastsetting.

Kommunedirektøren tilrår at det blir varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for klima og energi for Vågå kommune og vidare at framlagt forslag til planprogram blir lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

#### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 blir det varsla oppstart av planarbeid for kommunedelplan for klima og energi for Vågå kommune

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 blir forslag til planprogram for kommunedelplan for klima- og energi for Vågå kommune lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

#### **Formannskapet si behandling av sak 34/2022 i møte den 09.06.2022:**

##### **Behandling**

Samrøystes

##### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 blir det varsla oppstart av planarbeid for kommunedelplan for klima og energi for Vågå kommune

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 blir forslag til planprogram for kommunedelplan for klima- og energi for Vågå kommune lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring.